



Arkivsak:

Arkivnr: 2016/11168-18

Saksbehandlar: Snorre Waage, Eva Katrine R. Taule, Trond Wahl, Lars Øyvind Birkenes, David J Aasen Sandved, Gunnhild Raddum

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2019

Fråsegn til kommunedelplan for akvakultur 2019 – 2027, Fusa kommune

Samandrag

Fusa kommune har sendt kommunedelplan for akvakultur på høyring med frist 29.03.2019. Fylkeskommunen har fått utsett frist grunna politisk handsaming til etter vedtak i KIRU, 24. april 2019.

Det er eit stort press på areala i kystsona, og ulike interesser konkurrerer ofte om dei same områda. Plan- og bygningslova gir rammer for interesseavvegingar gjennom planlegging av arealdisponering. Gjennom planlegging må det skapast god balanse mellom bruk og vern av ulike verdiar i kystsona, førebyggje konflikhtar og sikre god sameksistens mellom ulike interesser. Det er difor positivt at planarbeidet har gjort grundige utgreiingar knytt til ulike potensielle interessekonflikhtar. Planomtalen gjev greie for status kring lokalitetar og løyver i dag, samt for kommunen sin rolle og for sakshandsamingsrutinar.

Det er viktig for oppdrettsbransjen at det til ei kvar tid er gode oppdaterte kommuneplanar med føreseielege og tydelege rammer for arealbruken. Det er ei målsetnad at planlegging og forvaltning av akvakulturaktivitet i hovudsak skal forankrast i overordna kommunale planar, og ikkje gjennom dispensasjonar og enkeltsakshandsaming. Planen legg i hovudsak til rette for å vidareutvikla dagens lokalitetar, og næringa har signalisert at dei ikkje har behov for større strukturelle endringar. Planen opnar for at anlegg kan endre frå stålbur til plastringar, for justering i plasseringa innafør arealføremålet.

Fylkesrådmannen vil gje ros til Fusa kommune for eit godt og ryddig planarbeid og forslag til kommunedelplan for akvakultur. Det er gjort eit svært grundig arbeid, og vi vil berømme kommunen sitt forsøk på å bringe fram nye måtar å handtere arealavklaringar for akvakultur i sjøområda. Det å finne arealgrep som gir kommunen og forvaltninga tilstrekkeleg styring over arealbruken, samstundes som det skal gi tilstrekkeleg fleksibilitet for utvikling av akvakulturnæringa har i fleire samanhengar vist seg å vere krevjande. Plan- og bygningslova har klare avgrensingar for planlegging av sjøareal, samstundes er regionale og statlege retningslinjer og rettleiing enno under utvikling. Dette opnar for nybrottsarbeid med utprøving av ulike plangrep for kommunal planlegging i sjø.

Marine næringar, som akvakultur, er eit prioritert satsingsområde for Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune ser det som særleg viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafør akvakulturnæringa.

I kommuneplanen er det teke ut nokre område avsett til akvakultur. Denne næringa er kjent for rask teknologiutvikling og nye metodar vert tatt raskt i bruk. Ny teknologi, andre artar og nye driftsformer bør kunne etablerast i Fusa kommune. Dersom det ikkje er avsett areal til akvakultur kan det ikkje etablerast framtidige anlegg med nye teknologi. Det er difor viktig at det er avsett tilstrekkeleg areal til akvakultur i overordna arealplan.

Hordaland fylkeskommune meiner det er positivt at kommunen har sett på eksisterande lokalitetar og justert områda avsett til akvakultur. Det er og avsett ein buffersone rundt anlegget slik at det er rom for endring på lokaliteten. Dette vil sikre naudsynt fleksibilitet for eksisterande verksemd, som utviding av anlegg og utskifting av anleggsdelar og endringar til annan type anlegg. Denne måten å planlegge på vil truleg gjere at det ikkje er trong for dispensasjonssaker i Fusa kommune framover. Det er laga ulike føresegner til bruken av desse områda.

Det er likevel først no etter saka er lagt på offentlig ettersyn at vi ser det samla resultatet av planforslaget, og opplever at det er eit behov for ein vidare dialog før endeleg vedtak av kommunedelplanen i kommunen.

Då saka omfattar store areal i sjø er den send over til Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering i høve til marine kulturminne. Det er riktig som konsekvensutgreiinga nemner at planen ikkje kjem i konflikt med kjente kulturminne i sjø. Sameleis er ei konsekvensutgreiing med tanke på kulturminne i sjø ein uforholdsmessig stor jobb både praktisk og økonomisk. Hittil ukjente marine kulturminne vil difor vere eit aktuelt tema i framtida, og det vil kunne vere naudsynt med registrering av kulturminne i sjø. Tiltak i samband med akvakultur som vert planlagt gjennomført i dei aktuelle områda, bør difor sendast til sjøfartsmuseet via Hordaland fylkeskommune enkeltvis for individuell sakshandsaming.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner kommunen legg fram eit fagleg godt og oversiktleg planforslag, og er positive til prosessen kommunen har hatt med både forvaltninga, kommunen sine innbyggjarar og den aktuelle næringa i planområdet.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner kommunen med dette planforslaget gjer eit nybrottsarbeid for å finne løysingar som kan balansere næringa sine behov for fleksible løysingar, samstundes som ein sett føreseielege rammer for å ta omsyn til andre verdier i sjøareala. Her vil vi særleg trekkje fram den heilskaplege konsekvensutgreiinga som eit godt bidrag.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at planforslaget er i tråd med hovudmål i Regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, der ein har målsetnad om at kystsona skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner det er positivt at kommunen har justert eksisterande akvakulturområder. Dette vil sikre naudsynt fleksibilitet for verksemda. Utvalet understreker samstundes at kommunen ikkje kan sette andre vilkår til lokalitetsavklaring og innhaldet i søknaden enn det akvakulturlova opnar for.
5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planforslaget er eit positivt bidrag til ein heilskapleg forvaltning av sjøareala. Samstundes er det på fleire område noko uklårt korleis forslaga best kan gjennomførast i praksis. Det vil difor vere formålstenleg med eit arbeidsmøte mellom kommunen og forvaltningsmynde i fylkeskommunen for diverse avklåringar før endeleg vedtak av kommunedelplanen.
6. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at område VA7 bør reduserast eller justerast nordvestover innanfor omsynsone SOSI-kode H190, slik at anlegget ikkje kjem nærare automatisk freda kulturminne og andre verneverdige kulturmiljø på land enn dagens situasjon.

7. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at område VA2 bør reduserast i nordvest og grensa for sikringsone H190_2 bør for VA2 trekkjast sørvestover frå Torvaneset til Ærevika på grunn av kulturminnene på Samnøy.

Ingrid Holm Svendsen
konstituert fylkesrådmann

Bård Sandal
regionaldirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Vedlegg1-planskildring
- 2 Vedlegg2-plankart
- 3 Vedlegg3-føresegner
- 4 Vedlegg4-konsekvensvurdering

Fylkesrådmannen, 05.04.2019

1. Bakgrunn

Fusa kommune har sendt kommunedelplan for akvakultur på høyring med frist 29.03.2019. Fylkeskommunen har fått utsett frist grunna politisk handsaming til etter vedtak i KIRU, 24. april 2019. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land og sjøområde.

1.1 Planprosess og medverknad

Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til planprogrammet i brev av 08.12.2016.

Etter at planprogrammet vart vedteke, inviterte kommunen innbyggjarane, næringa og interesseorganisasjonar til å koma med innspel for arealbruk. Alle innspel til arealbruk i saka er konsekvensutgreidd. Det har vore gjennomført fleire arbeidsmøte i planprosessen, både med høyringsinstansane, interesseorganisasjonar og med næringa – samt ope folkemøte der ein har gitt informasjon til innbyggjarane om plan og prosess. Lokalpolitikarane har vore orientert om planarbeidet undervegs.

Det har og vore gjennomført fleire møte med regionalt nivå i 2018, der Fylkeskommunen har vore representert med både naturressursseksjonen og planseksjonen. Desse møta har funne sted 15.02.2018, 31.05.2018, og 02.11.2018. I tillegg til dette har Fusa kommune holdt innlegg om kommunedelplanen for akvakultur på Plankonferansen 2018 (24. oktober), på tema-sesjonen med namnet «*Akvakultur – planlegging i dag og i framtida*». Her vart både fagleg innhald og prosess presentert og diskutert. Fusa kommune har med andre ord hatt ein god orienterings- og medverknadsprosess opp mot fylkeskommunen.

Det er likevel først no etter saka er lagt på offentleg ettersyn at vi ser det samla resultatet av planforslaget, og opplever at det er eit behov for ein vidare dialog før endeleg vedtak av kommunedelplanen i kommunen. Det vil vere i felles interesse å kunne diskutere og avklare diverse uklårheiter og eventuell usemje i forkant av eit kommunalt vedtak. Noko av det som vil vere aktuelt å sjå nærare på er;

- Føresegner og retningslinjer som avgrensar akvakultur-aktivitet
- Metodikk rundt BYA og praktisk gjennomføring i lokalitetsavklaringsprosess

2. Innhald i planen

Det er eit stort press på areala i kystsona, og ulike interesser konkurrerer ofte om dei same områda. Kystsona har vesentlege natur-, landskaps- og kulturminneverdiar, samstundes som det er lang tradisjon for bruk av strand- og sjøområda til sjøtransport, fiskeri, akvakultur og andre næringsinteresser, forsvaret, reiseliv og friluftsliv. I arbeidet med arealdelen til kommuneplanen til Fusa kommune i 2015 vart sjøområda vurdert og oppdatert, med unntak av plantema og arealføremål knytt til akvakultur.

Det er viktig for oppdrettsbransjen at det til ei kvar tid er gode oppdaterte kommuneplanar med føreseielege og tydelege rammer for arealbruken. Det er ei målsetnad at planlegging og forvaltning av akvakulturaktivitet i hovudsak skal forankrast i overordna kommunale planar, og ikkje gjennom dispensasjonar og enkeltsakshandsaming. Det er heller ikkje ønskeleg med generelle plankrav for tiltak i sjø.

Planen består av planomtale, plankart og føresegner – samt konsekvensutgreiing med risiko og sårbarheitsanalyse (KU og ROS), og vil erstatta sjødelen i eksisterande arealdel.

Unikt for denne planen er at alle område satt av til einbruk akvakultur har fått ein utnyttingsgrad i form av BYA%. BYA står for bygd areal. Bruken av konseptet BYA er heimla i plan- og bygningslova, i hovudsak nytta på landareal, og refererer der til kva utnyttingsgrad det bygde arealet kan ha i planområdet. I kommunedelplanen har kvart AK-område ein prosent som er rekna ut i frå behov og tilhøve for kvar lokalitet. Kring kvart AK-område er det i tillegg lagt ei «sikringssone» som syner kvar fortøyingar og ankring kan skje. Det er òg satt av nokre område med kombinert føremål akvakultur/fiske/ferdsel, desse er utan BYA og utan sikringssoner.

Planomtale.

Planomtalen gjev greie for status kring lokalitetar og løyver i dag, samt for kommunen sin rolle og for sakshandsamingsrutinar. Det er synt til ei rekke relevante lover og forskrifter som grunnlag for sjølve planarbeidet – men dette er òg relevant som rettleiing og kunnskapsgrunnlag for framtidig sakshandsaming.

Dagens situasjon i fjordsystemet er beskrive utfyllande for naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne, samt for sjøferdsel/ankring og forsvaret. Ein femner til dømes mykje breiare enn kommunegrensa når ein beskriv situasjonen for anadrom fisk i fjordsystemet og i vassdraga, og ein syner mellom anna til tilhøve i Oselva og Tysseelva. Akvakultur i Fusa kommune og fjordsystemet er beskrive på side 23 i planomtalen, saman med illustrerande kart. Det er relativt høg produksjonstettleik innafor ein del av vassførekomstane i fjordsystemet. Det vert gjennomført regelmessige undersøkingar kring akvakulturlokalitetar.

Næringa har signalisert at dei per i dag ikkje har behov for større strukturelle endringar i kommunen, eller at dei har konkrete planar om produksjon av nye artar eller ny teknologi - ut over testing av lukka anlegg og liknande. Planen opnar for justeringar av eksisterande anlegg , og dette kan vera naudsynt av ulike årsaker, td. miljøomsyn, fiskevelferd og botn- og straumtilhøve. Alle lokalitetar med eksisterande drift er regulert til einbruk akvakultur i planen.

Dei areala som er regulert til framtidig akvakultur er lagt med kombinert arealføremål, for å synleggjere at områda er utan anlegg i dag, og for å gjere merksam på at områda ikkje er eigna for tradisjonelle opne merdanlegg.

I gjeldande arealdel er det 25 godkjente akvakulturområde. Ikkje alle desse er aktuelle for bruk, og per oktober 2018 er det 14 godkjente lokalitetar i sjø (matfisk/stamfisk). I planframlegget er alle dei 14 lokalitetane tilrådd igjennom KU og føreslege regulert til «akvakultur», og i tillegg er det vidareført fem areal som det ikkje er produksjon på i dag, desse er lagt ut med kombinert føremål «akvakultur/fiske/ferdsel». Tre innspel om nye område til akvakultur er ikkje tilrådd igjennom KU, og er heller ikkje føreslege regulert til akvakultur.

Planen legg i hovudsak til rette for å vidareutvikla dagens lokalitetar, og næringa har signalisert at dei ikkje har behov for større strukturelle endringar. Planen opnar for at anlegg kan endre frå stålbur til plastringar, for justering i plasseringa innafor arealføremålet.

Plankart.

Plankart er vedlagt saksomfanget, og er heildekkande for sjøarealet til Fusa kommune. Tema for kommunedelplanen er akvakultur i sjø, og plankartet inneheld ikkje område på land, eller ferskvatn. Naudsynte avklaringar for areal på land til akvakultur vil vere del av neste rullering av KPA for Fusa kommune.

Føresegner.

Planen er utarbeida som ein kommunedelplan (KDP) for sjøområda og gjeld på sjøoverflata, i vassøyla og på sjøbotn. Planen er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 11- 1. Føresegnene er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk, jamfør pbl. § 11-6. Føresegnene inneheld særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremålet. Føresegnene er rettsleg bindande og dei er sett i ramme. Retningslinene til kvart føremål følgjer fortløpande etter føresegnene. Retningslinene gjev ikkje direkte heimel for vedtak, men er viktige ved at dei presiserer kommunestyret sin politikk og målsetting for utviklinga i planperioden. Retningslinene skal nyttast som vurderingsgrunnlag og leggast til grunn for arealplanlegging og sakshandsaming i kommunen.

Plankart og føresegner i denne kommunedelplanen (KDP) gjeld framfor kommuneplanen (KPA) sin arealdel vedteke 15.10.2015. Unntak er kommuneplanen sine generelle føresegner og retningslinjer som skal gjelde for denne planen (KDP akvakultur). Desse føringane er ikkje lista oppatt i dette dokumentet. Det vert vist til «1. generelle føresegner og retningslinjer, pbl § 11-9, punkt 1.1 til 1.34» i gjeldande kommuneplan vedteke 15.10.2015. Etter vedtak på KDP akvakultur skal KPA og KDP akvakultur sameinast til eitt plankart og eitt sett med føresegner og retningslinjer. Dette er eit planteknisk arbeid som vil verta gjennomført administrativt.

Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga er basert på eksisterande kunnskap og tilgjengelege databasar og dokument. Områda er vurdert opp mot dagens situasjon, 0-alternativet – definert som arealbruk fastsett i gjeldande plan, samt løyve tildelt etter sektorlovverk. Konsekvensutgreiinga vurderer samla påverknad for interesser og naturmangfald i planområdet, samt 14 lokalitetar som er konsekvensutgreidd som enkeltareal. 12 av desse lokalitetane er tilrådd.

3. Vurdering av regionale interesser

I dette avsnittet vurderer vi i kva grad regionale interesser er ivaretatt i planen. Det er lagt mest vekt på tema som planen ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til og som har vore sentrale i tidlegare innspel.

3.1 Regionale føringar

Planen er i tråd med retningslinene og plankartet i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Kommunedelplanen legg til rette for utvikling og vekst utover dagens situasjon, i samråd med næringa, og er vurdert til å vera i tråd med regional næringsplan for Hordaland.

Generelt om planen

Fylkesrådmannen vil innleiingsvis gje ros til Fusa kommune for eit godt og ryddig planarbeid og forslag til kommunedelplan for akvakultur. Det er gjort eit svært grundig arbeid, og vi vil berømme kommunen sitt forsøk på å bringe fram nye måtar å handtere arealavklaringar for akvakultur i sjøområda. Det å finne arealgrep som gir kommunen og forvaltninga tilstrekkeleg styring over arealbruken, samstundes som det skal gi tilstrekkeleg fleksibilitet for utvikling av akvakulturnæringa er ikkje ein enkel øving. Plan- og bygningslova har klare avgrensingar for planlegging av sjøareal, samstundes er regionale og statlege retningslinjer og rettleiing enno under utvikling. Dette opnar for nybrottsarbeid med utprøving av ulike plangrep for kommunal planlegging i sjø.

Forslaget om BYA på einbruk akvakulturlokaliteter er så vidt vi veit heilt ny, men kan etter vår vurdering bidra til å gje næringa etterlengta fleksibilitet innanfor dei kommunalt avsette AK-områda i KPA. I samband med kommuneplanlegging er krav om utnyttingsgrad (BYA) heimla i pbl §11-9 generelle føresegner til kommuneplanens arealdel nr. 5. Det er ikkje i lovarbeida funne diskusjonar om bruk av utnyttingsgrad for sjøbasert arealbruk. Einbruk akvakultur er eksklusiv bruk av sjøareala – og kan slik samanliknast med byggeområde på land. Det nye rundskrivet knytt til planlegging i sjø (KMD H-6/18) tek ikkje opp denne problemstillinga. Planskildringa innehar gode beskrivingar av framgangsmåte for utrekning av BYA per akvakulturlokalitet, jf. s. 31-32 i planskildringa.

Det er eit stort press på areala i kystsona, og ulike interesser konkurrerer ofte om dei same områda. Plan- og bygningslova (pbl) gir rammer for interesseavvegingar gjennom planlegging av arealdisponering. Gjennom planlegging må det skapast god balanse mellom bruk og vern av ulike verdiar i kystsona, førebygge konflikhtar og sikre god sameksistens mellom ulike interesser. Det er difor positivt at planarbeidet har gjort grundige utgreiingar knytt til ulike potensielle interessekonflikhtar.

Planfaglege vurderingar kring reguleringsplan i sjø

Som kjent er det ein føresetnad for lokalitetsavklaring at omsøkte tiltak er i tråd med arealplan. Fylkesrådmannen meiner kommunen legg opp til ein ryddig prosess rundt arealavklaring av område sett av til akvakultur. Kommunen gjer slike arealavklaringar no gjennom å vedta ein eigen kommunedelplan for akvakultur, som skal bli integrert i kommuneplanens arealdel etter vedtak. Utarbeiding av kommunedelplan for akvakultur er gjort med god dialog med næringa.

Innleiingsvis i planomtalen vert det tydeleggjort at det *«ikkje er ønskeleg med generelle plankrav i sjø.»* Dersom det i framtida likevel kjem ønskje om AK-tiltak utafor planavklarte AK-areal, vert det i føresegn til KDP skissert korleis dette skal gjerast, jf. §6.2, siste kulepunkt.

Slik fylkesrådmannen forstår dette, er det ikkje å forstå som eit generelt ønskje om detaljreguleringsplan for alle tiltak i sjø (jf. sitat over i planomtalen), men om det vert behov for nye arealavklaringar for å mogeleggjere nye AK-tiltak, er det betre å gjere slike *arealavklaringar* gjennom reguleringsplan enn som dispensasjonssak. Fylkesrådmannen stiller seg difor positiv til kommunens forslag.

3.2 Akvakultur

Generelle kommentarar

Marine næringar, som akvakultur, er eit prioritert satsingsområde for Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune ser det som særleg viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafor akvakulturnæringa. Fylkeskommunen har ansvar for tildeling av løyve og klarering av lokalitetar etter Akvakulturlova, og har i tillegg ansvaret for å ivareta og fremje motsegn på vegne av akvakulturinteressene etter Plan- og bygningslova.


Særleg sentralt i høve til planlegging av sjøareal tilknytt akvakultur er PBL § 11-7 pkt. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og § 11.11 pkt. 3 bruk og vern av vassflate, vassøyle og botn, og pkt. 7 kva artsgruppe eller artar av akvakultur som einskild eller i kombinasjon kan etablerast.

Etter akvakulturlova sine §§ 6 og 15 fyrste ledd kan det ikkje gjevast løyve i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Dette er vidareført i laksetildelingsforskrifta § 30 bokstav d og marinfiskforskrifta § 7 bokstav d, der det går fram at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom det ikkje er i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Det same vil gjelde for endringar på allereie tildelte lokalitetar. Heile oppdrettsanlegget i overflata inklusiv fôrflåte, fortøyingar og ankerfeste må i planen liggje i areal som er planlagt for dette føremålet.

Regelverket for akvakultur og registeret over gjevne akvakulturløyve finn de på heimesidene til Fiskeridirektoratet, www.fiskeridir.no. Her er også kartverktøy med kartdokumentasjon for godkjente akvakulturlokalitetar, og det er muleg å laste ned koordinatar for godkjente lokalitetar.

Akvakultur i plan

I gjeldande kommuneplan i Fusa er det avsett 21 arealflater til akvakultur i sjøområda, som utgjer om lag 7,4 km². Per mars 2019 er det 14 godkjente akvakulturlokalitetar i sjø (matfisk/stamfisk), der dei fleste er i samsvar med kommuneplanen. Fem av lokalitetane har fått godkjent lokalitetsløyve og drift basert på dispensasjon frå arealstatus i kommuneplanen.



Oversikt over godkjente akvakulturlokaliteter per april 2019.

Akvakulturområda

I planframlegget skriv kommunen at alle dei 14 godkjente akvakulturlokalitetane er regulert til arealføremål akvakultur. Areala rommar moglegheit for utvikling med omsyn til;

- 1) endre anlegget frå stålbur til plastringar
- 2) justering av dagens anlegg, og
- 3) utnytte dagens produksjonsløyve på lokaliteten (MTB).

I tillegg til desse 14 areala er det vidareført frå gjeldande kommuneplan 5 areal der det ikkje er etablert akvakulturverksemd i dag. Utover desse areala er andre akvakulturføremål i gjeldande kommuneplan tekne ut frå planframlegget. Det er slik gjort ei opprydding av arealføremåla til akvakultur i gjeldande kommuneplan, og i hovudsak lagt til rette for utvikling av eksisterande akvakulturlokalitetar. I forslag til ny kommunedelplan er det avsett totalt 5,8 km² til akvakulturføremål. Av desse kan 2,5 km² utnyttast (ref. maksimal utnyttingsgrad, BYA%), noko som er ein vesentleg reduksjon i areal samanlikna med gjeldande kommuneplan.

I kommuneplanen er det teke ut nokre område avsett til akvakultur. Denne næringa er kjent for rask teknologiutvikling og nye metodar vert tatt raskt i bruk. Ny teknologi, andre artar og nye driftsformer bør kunne etablerast i Fusa kommune. Dersom det ikkje er avsett areal til akvakultur kan det ikkje etablerast framtidige anlegg med nye teknologi. Det er difor viktig at det er avsett tilstrekkeleg areal til akvakultur i overordna arealplan, enten ved at ein vidarefører AK-areal, eller ligg til nye.

Areal kring eksisterande anlegg

Hordaland fylkeskommune meiner det er positivt at kommunen har sett på eksisterande lokalitetar og justert områda avsett til akvakultur. Det er og avsett ein buffersone rundt anlegget slik at det er rom for endring på lokaliteten. Dette vil sikre naudsynt fleksibilitet for eksisterande verksemd, som utviding av anlegg og utskifting av anleggsdelar og endringar til annan type anlegg. Denne måten å planlegge i sjø på stør fylkeskommunen. Denne måten å planlegge på vil truleg gjere at det ikkje er trong for dispensasjonssaker i Fusa kommune framover. Det er laga ulike føresegner til bruken av desse områda.

Føresegner og retningslinjer

Bruk og vern av sjø og vassdrag, fleirbruksområde (V)

Føresegn 6.2. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for (naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller) utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett.

Tekst i parantes er føreslått fjerna frå føresegn 6.2.

Fylkesrådmannen er kjend med at det har vore prosess med næringa angående sikringszone for forankring kring AK-område, og vi stiller oss positive til denne kontakten. Erfaringsmessig ser vi likevel at det ofte vert behov for å kunne leggje forankringspunkt i fleirbruksområde. Vi ønskjer difor at «naudsynt fortøying av anlegg eller» takast med i føresegna.

Kommuneplanen legg opp til at eksisterande installasjonar kan verte flytta på og justert. Da kan ein kome i den situasjonen at anlegget treng fortøying utanfor avsett areal. Det kan og vere aktuelt med integrert multitrofisk akvakultur (IMTA, til dømes alger og blåskjel) i framtida og da må dette også kunne fortøyast på ein forsvarleg måte. Det er viktig at føresegnene vert utforma på ein slik måte at til dømes utlegging av nye fortøyingar frå eksisterande oppdrettsanlegg med ei anna plassering enn tidlegare kan handsamast etter akvakulturregelverket utan ei kommunal dispensasjonshandsaming i forkant.

I retningslinjene kan ein lese; *Dersom kommunen vert kontakta om nye lokalitetar til akvakultur utanfor avsette akvakulturområde skal desse fremjast som politisk sak for ei prinsippavklaring. Vilkår for handsaming av slike saker er at den er fremja med bakgrunn i større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar. Prinsippavklaringa skal gi ei grundig skildring av tiltaket og konsekvensar for miljø og samfunn, for slik å kunne ta stilling til oppstart av detaljplan. Plan- og arealavklaring skal skje gjennom detaljreguleringsplan.*

I rundskriv H-6/18 frå KMD kan ein lese;

«I kommuneplanens arealdel kan det gis bestemmelser om hvilke typer tiltak som krever reguleringsplan, enten i form av områderegulering eller detaljregulering. Dette kan for eksempel gjelde nye småbåthavner, havneområder og utbedring av farleder. For nye områder for akvakultur vil det vanligvis ikke være nødvendig med reguleringsplan fordi kommuneplanen og påfølgende behandlingen etter akvakulturloven gir de nødvendige avklaringer.»

Akvakulturfagleg meiner fylkeskommunen at det prinsipielt er uheldig av Fusa kommune å sette krav om detaljreguleringsplan for nye områder i sjø, då tilstrekkeleg areal bør sikras i kommuneplanen og gjennom handsaming av søknader etter akvakulturlova. Under «Planfaglege vurderingar kring reguleringsplan i sjø» (jf. 3.1, s.6) gjer fylkesrådmannen greie for kvifor fylkeskommunen likevel stiller seg bak kommunens forslag om reguleringsplan for nye område i sjø.

Akvakultur

Føresegn 6.11, Føremålet er akvakulturområde i sjø inkludert vassøyle og sjøbotn.

For å sikre ferdsel mellom kystlinja og akvakulturanlegg, skal som hovudregel oppdrettsanlegget på sjøoverflata ligge minimum 100 meter frå kystlinja. Fortøyingar kan plasserast nærare land, men skal ikkje hindre ferdsel eller fiske.

Hovudregelen om at anlegg skal plasseras minimum 100 m frå land er ein generell grei regel. Dette kan derimot ikkje gjelde for lokalitetane Nystølvågen, Djupedalen, Altaneset eller Matland. Her må det vere tillat med fortøyingar også utafor a.

Føresegn 6.12 om utnyttingsgrad innanfor AK-område

Fusa kommune ønskjer å innføre «Maksimal utnyttingsgrad, BYA%» som er basert på utrekna arealbehov tilpassa godkjent MTB på aktuell lokalitet i dag.

Kommunen ønskjer å sikre moglegheit for lokale tilpassingar og det er difor lagt ein buffer på kvar side av det teoretiske arealbehovet. Innanfor dette arealet vil det vera mogleg å søke om å flytte/justere anlegget på sjøflata, samt legge ut fôrflåte og andre komponentar.

På nokre av lokalitetane er det i dag stålbur og det er teke omsyn til flytting og utskifting av anlegg til ringar. Tilsvarande grep er også gjort på dei anlegga som i dag har ringar, det er rom for å justere anlegga. Det er likevel noko skilnad på enkelt lokalitetar, i einkilde høve er det avsett areal for endring som gir rom for å justere og flytte anlegget og på andre lokalitetar det er avsett areal for endring som gir rom for X nye plastringar.

I retningsline pkt. 2. *Kommunen kan etter vurdering krevje reguleringsplan, om tiltaket av art eller omfang krev nærmare planavklaring.*

Fylkeskommunen vil igjen vise til rundskriv H-6/18 om reguleringsplan i sjø.

Retningsline pkt. 3, (gjeld også føresegn 6.16); *Dersom søknad om akvakulturverksemd syner uakseptabel verknad for samfunns-, natur- og miljøforhold i områda i kring lokaliteten skal det ikkje gis løyve til aktivitet utan at det vert sett vilkår som gir akseptable forhold. Rutinar for sakshandsaming i kommunen er skildra i planomtalen.*

Kombinert arealføremål VKA 3-7: Akvakultur – Fiske eller ferdsel

I føresegn 6.16 kan ein lese; «Føremålet VKA3 kombinerer akvakultur/ferdsel, VKA 4 kombinerer akvakultur/fiske, VKA5 kombinerer akvakultur/ferdsel, VKA6 kombinerer akvakultur/fiske og VKA7 kombinerer akvakultur/ferdsel»,

og vidare:

«Akvakultur skal prioriterast framfor andre interesser dersom søknad om produksjonsløyve viser akseptable verknadar for samfunns-, natur- og miljøforhold.»

Båe retningsline pkt .3 (over) og føresegn 6.16 synes noko uklare om kva som meinast. Kva er uakseptabelt, og kva for vilkår gjer akseptable forhold?

Kommunen må vere særst tilbakehalden med å sette vilkår for akvakultur som reguleras av anna sektorregelverk, i sine arealplanar.

Fylkeskommunen må igjen presisere at det er dei ulike sektormynda og fylkeskommunen som kan gje vilkår for godkjenning og drift av akvakultverksemd på ein lokalitet. Det er ikkje vanleg eller anbefalt å bruke reguleringsplaner for akvakultur i sjø.

Fylkeskommunen meiner at desse punkta i planomtalen og føresegna må fjernas eller justeras.

Føresegner og retningsliner for omsynssonen

Faresone

Føresegn 7.1. Søknadar om nye/endra fortøyinglinjer og ankerfeste skal belyse verknadar for ferdsel, fiskeplassar, gytefelt/gyteområde, oppvekstområde/ beiteområde, biologisk mangfald, forsvarsinteresser og omsynssone for kulturmiljø (H570) m.fl.

Føresegn 7.3 Ved søknad om akvakultur skal det liggje føre ei fagleg vurdering av skredfare for områda som ligg innanfor denne sona.

Hordaland fylkeskommune meiner at Fusa kommune ikkje kan sette strengare krav til søknad etter akvakulturlova i sin arealplanen enn kva lova gjer. Det kan ikkje vere ulike krav til innhald i ein søknad frå kommune til kommune i fylket. Dette blir ikkje føreseieleg for oppdrettsnæringa.

Det er viktig å få ein planavklaring slik at næringa kan søkje på areal avsett til akvakultur utan ytterlegare utredningar.

Planomtale

I planomtalen side 5 kan ein lese; «*Etter høyringsfristen skal kommunen handsame og gjera vedtak i saka etter pbl. Fusa kommune har hatt ulik praksis i høve til om sakene vert politisk handsama i utval for plan og miljø; orienteringssak eller vedtakssak. Det bør vurderast frå sak til sak kva det er behov for opp mot delegasjonsreglement og saka sin kompleksitet.*»

Fusa kommune kan ikkje fatte vedtak om etablering etter PBL i søknader etter akvakulturlova, men kome med ei uttale i saka.

Kommunen si rolle i akvakultursaker

Kommunane har ein viktig rolle i å bestemme den arealdisponeringa i sjø som følgjer av kommuneplanane. Dei kan gjennom slike planer bestemme kva for område som opnas for bruk til akvakultur.

Kommunen får tilsendt søknad frå fylkeskommunen etter at fylkeskommunen har vurdert om søknaden er i strid med kommuneplanen eller ikkje. Er søknaden vurdert til å være i strid vert søknaden avvist av fylkeskommunen. Er søknaden ikkje i strid med kommuneplanen vert søknaden sendt ut til kommune og sektormyndede for handsaming.

Søklar skal i samarbeid med kommunen sørge for at søknaden vert lagt ut til offentleg ettersyn og kunngjerast i to lokalaviser og kommunen si nettside, samt Norsk Lysingsblad. Høyringsfrist er minimum fire veker. Kommunen har nå å moglegheita til å kome med ei uttale i saka. Uttalen skal vere hos fylkeskommune senast etter 12 veker.

I rundskriv H-6/18 kan ein lese at det vanlegvis ikkje vil vere naudsynt med reguleringsplan for akvakulturanlegg. Kommuneplan og lokalitetsavklaring etter akvakulturlova gjer dei naudsynte rammene for verksemda. Kommune bør vere særst tilbakehalden med å sette vilkår for akvakultur som reguleras av anna sektorregelverk, i sine arealplaner. Villkår for godkjenning og drift av akvakultur fastsettas i lokalitetsgodkjenningssystemet som koordineras av fylkeskommunen.

3.6 Friluftsliv i strandsona / Strandsone

Verdiar knytt til naturmiljø, landskap, strandsone og friluftsliv er i mange samanhengar samanfallande. Eit rikt artsmangfald og varierende landskap vil ofte gi rike friluftsopplevingar. Områda kring planområdet har verdiar i eit friluftsliv- og folkehelseperspektiv med ulike tilbod, både i høve til typar og målgruppe, og fylkesrådmannen meiner difor det er viktig, både i eit friluftslivs- og folkehelseperspektiv, at planforslaget ikkje i stor grad forringer desse kvalitetane.

Kystsona og livet i sjøen har eit stort mangfald, og er verdifull og attraktiv for både bruks- og verneinteresser. Allmenne interesser, oppleving, kunnskap, historie og bruk er sterkt knytt til kystsona. Koplinga mellom sjø og strandsone er særst sterk for friluftslivet, og båtliv og fritidsfiske er blant dei friluftslivsaktivitetane som er mest utbreidd. Friluftsliv er ein viktig del av den norske nasjonale identiteten og den norske kulturarva, og er den vanlegaste forma for fysisk aktivitet i Norge. Allemannsretten skal sikre tilkomst til ferdsle og opphald i utmark, men det er behov for at nokre areal vert sikra til friluftsliv gjennom kjøp eller avtale. Dette gjeld særleg i pressområde og der det er behov for tilrettelegging for ferdsle og opphald. Det er 2 statleg sikra friluftslivsområde i kommunen; Fusaneset og Skjelevika. Begge områda er mykje brukt til badeaktivitetar, og er tilrettelagt for dette. Det er vidare 5 regionale friluftslivsområde knytt til sjø der områdetypen er klassifisert som strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag.

Konsekvensutgreiingar til planarbeidet vurderer at ut frå dagens situasjon er det grunn til å tru at planframlegget i liten grad vil påverke dei statleg sikra friluftslivsområda sin attraktivitet, bruksmoglegheit eller skapa ein barriere for ferdsel eller oppleving. Det er også grunn til å tru at bruken av dei regionale friluftslivsområda vert uendra som følgje av planframlegget.

3.7 Vasskvalitet i fjordsystemet.


God økologisk status og god kjemisk vasskvalitet innan 2021 er målet for Vassforskrifta, som er den norske oppfølginga av EU sitt Vassrammedirektiv. Vassførekomstane i fjordsystemet innanfor og nær Fusa kommune ligg an til nå miljømåla om god økologisk status og god kjemisk vasskvalitet innan 2021. Alle vassførekomstane er vurdert til å ha liten påverknadsgrad av forureining frå oppdrettsverksemd.

3.8 Naturmangfald

Artsførekostane knytt til sjø og strandsone i Fusa er i hovudsak ulike fugleartar. Artane som av Miljødirektoratet er vurderte å ha stor forvaltningsinteresse er alle fugleartar. Storparten av registreringane er av arten fiskemåke, som er vurdert som nær truga i Norsk rødliste for artar 2015.

Planframlegget opnar for større arealbeslag i form av anlegg på sjøoverflata, fortøyingar og forankringar på havbotnen i dei avsette områda. Direkte arealkonflikt mellom planframlegget og registrerte naturverdiar er avgrensa, då ein har tilpassa akvakulturføremåla for å unngå konflikt

I fråsegn til oppstartsmeldinga la Hordaland fylkeskommune mellom anna vekt på den moglege totale belastninga akvakulturaktivitet i fjordbassenget kan ha på økosystemet, med bakgrunn i Naturmangfaldslova §10. Konsekvensutgreiinga konkluderer på dette området med at den samla økologiske belastninga av planframlegget er auka i høve til 0-alternativet. Dette med utgangspunkt i at planen opnar for akvakulturverksemd som har ein kjent generell miljøpåverknad. Det er likevel vurdert at *miljøpåverknaden ikkje er uakseptabel*. Før areala til akvakultur vert tekne i bruk i det omfanget som kommunedelplanen opnar opp for, skal forholda avklarast i konsesjonssøknad og vurdering etter sektorregelverk.



Figur 2. Figur frå rapporten Risikovurdering norsk fiskeoppdrett 2018 som viser miljøpåverknad frå fiskeoppdrett i ope merd. Kjelde: Havforskningsinstituttet.

Konsekvensutgreiinga konkluderer også med at endringar som følgje av planen samla er noko negativt for tema bestandssituasjon for villaks og sjøaure, særleg tilhøva knytt til rømming og lakselus, men at konsekvensane samla sett for naturmangfald er innafør akseptable rammer.

3.9 Kulturminne og kulturmiljø

Kommunedelplanen omfattar berre eitt nytt område sett av til akvakulturlokalitet. Dei resterande 13 områda V1 – V13 er eksisterande lokalitetar der ein no ynskjer å utvide areala i sjø for å kunne flytte anlegga ved behov innanfor desse utvida sjøområda, etter vanleg søknadsprosess til Hordaland fylkeskommune gjennom akvakulturlovverket.

Kulturminneverdiar på land i influensområda til akvakulturlokalitetane

VA2

Området for VA2 bør avgrensast i nordvest grunna nærføring til kulturminna på Samnøy gravfelt id. 35768, gravrøys id. 6335 og helleristingsfelt id. 25862. Grensa for sikringsone H190_2 bør for VA2 trekkjast sørvestover frå Torvaneset til Ærevika på grunn av dei ovanfor nemnde kulturminnena på Samnøy.

VA6

Anlegget VA6 bør ikkje trekkjast nærare Fusa/Opsal enn dagens situasjon pga. kulturminne og kulturlandskap.

VA7

Både VA7 og sikringsona H190-4 bør trekkjast nord og nordvestover på grunn av nærføring til gravrøyser id. 64088 på Skåtholmen, samt nærføring til kulturminne og kulturlandskap på Vinnes og Skåte generelt.

VA 8, VA9 og VA10

Andre sikringsoner H190_5 bør trekkjast bort frå Stegleholmen og nordaust til nordaustre spissen av Storholmen på grunn av Stegleholmen sin kulturhistoriske verdi som kjend rettarstad. Eit større område rundt id. 141023-1, dampskipet «Ulven», som forliste 13. desember 1890, og ligg sør-sørvest for VA9, bør merkast i kartet med omsynssone SOSI-kode H730. Noverande kartversjon viser rune-R på staden.

VA11

Andre sikringsoner H190_6 rundt VA11. Søre del av sikringsona bør trekkjast nordover, bort frå Hjartneset og opp mot Bjørnsvikane, på grunn av gravrøysa, id. 72907 og det nærast urørte kystkulturlandskapet desse kulturminna er ein del av.

VA12

Havneområdet id. 179135-1 og ballastrøys aust for VA12 er lagt inn med omsynsone H570. Rett SOSI-kode er H730. Denne bør endrast.

Marine kulturminne

Då saka omfattar store areal i sjø er den send over til Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering i høve til marine kulturminne. Sjøfartsmuseet sitt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar difor sjø- og strandområda, samt vatn og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til kulturminneloven marinarknologisk uttalemuseum i samband med alle tiltak som råkar sjø og vassbotn.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planar og utreiingar som vil kunne råke kulturminne under vatn, og skal difor varslast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag, også moring/ankring av flyteinstallasjonar. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til Bergens Sjøfartsmuseum for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Museet sine vurderingar av kva for planar som krev særskilte undersøkingar, vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomst av kulturminne, eventuelt ei vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

«Kommunedelplan for akvakultur 2019-27 konsekvensutgreiing md risiko og sårbarheitsanalyse – Fusa kommune» nemner alt kulturminne i sjø som ei relevant problemstilling. Det er riktig som konsekvensutgreiinga nemner at planen ikkje kjem i konflikt med kjente kulturminne i sjø. Sameleis er ei konsekvensutreiing med tanke på kulturminne i sjø ein uforholdsmessig stor jobb både praktisk og økonomisk. Hittil ukjente marine kulturminne vil difor vere eit aktuelt tema i framtida, og det vil kunne vere naudsynt med registrering av kulturminne i sjø. Tiltak i samband med akvakultur som vert planlagt gjennomført i dei aktuelle områda, bør difor sendast til sjøfartsmuseet via Hordaland fylkeskommune enkeltvis for individuell sakshandsaming.

Bergens Sjøfartsmuseum oppmodar Fusa kommune om fylgjande:

- Å sørge for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal skal utredast med regulerings- eller byggeplan, og dermed lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen.
- Å sørge for at kommunedelplanen for akvakultur har eit påbod om at alle planlagde enkelttiltak som skal utførast i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen.

3.10 Landskap

Planframlegget er vurdert til å - for nokre - gje negativ visuelle verknad og oppleving. For andre representerer akvakultur næring og arbeid. Med bakgrunn i gjeldande KPA og eksisterande anlegg er endringa samla for planframlegget vurdert til å vera av eit mindre omfang. Fylkesrådmannen vurderer med bakgrunn i konsekvensutgreiingar at verknader av planen for landskapsbiletet er akseptabelt.

3.11 Næringsutvikling

Planen er i tråd med retningslinene i Regional kystsonplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. I tillegg legg kommunedelplanen til rette for utvikling og vekst utover dagens situasjon, i samråd med næringa, og er vurdert til å vera i tråd med regional næringsplan for Hordaland.

4. Oppsummering

Det er eit stort press på areala i kystsona, og ulike interesser konkurrerer ofte om dei same områda. Plan- og bygningslova gir rammer for interesseavvegingar gjennom planlegging av arealdisponering. Gjennom planlegging må det skapast god balanse mellom bruk og vern av ulike verdiar i kystsona, førebygginge konflikhtar og sikre god sameksistens mellom ulike interesser. Det er difor positivt at planarbeidet har gjort grundige utgreiingar knytt til ulike potensielle interessekonflikhtar. Planomtalen gjev greie for status kring lokalitetar og løyver i dag, samt for kommunen sin rolle og for sakshandsamingsrutinar.

Det er viktig for oppdrettsbransjen at det til ei kvar tid er gode oppdaterte kommuneplanar med føreseielege og tydelege rammer for arealbruken. Det er ei målsetnad at planlegging og forvaltning av akvakulturaktivitet i hovudsak skal forankrast i overordna kommunale planar, og ikkje gjennom dispensasjonar og enkeltsakshandsaming. Planen legg i hovudsak til rette for å vidareutvikla dagens lokalitetar, og næringa har signalisert at dei ikkje har behov for større strukturelle endringar. Planen opnar for at anlegg kan endre frå stålbur til plastringar, for justering i plasseringa innafor arealføremålet.

Fylkesrådmannen vil gje ros til Fusa kommune for eit godt og ryddig planarbeid og forslag til kommunedelplan for akvakultur. Det er gjort eit svært grundig arbeid, og vi vil berømme kommunen sitt forsøk på å bringe fram nye måtar å handtere arealavklaringar for akvakultur i sjøområda. Det å finne arealgrep som gir kommunen og forvaltninga tilstrekkeleg styring over arealbruken, samstundes som det skal gi tilstrekkeleg fleksibilitet for utvikling av akvakulturnæringa har i fleire samanhengar vist seg å vere krevjande. Plan- og bygningslova har klare avgrensingar for planlegging av sjøareal, samstundes er regionale og statlege retningslinjer og rettleiing enno under utvikling. Dette opnar for nybrottsarbeid med utprøving av ulike plangrep for kommunal planlegging i sjø.

Marine næringar, som akvakultur, er eit prioritert satsingsområde for Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune ser det som særleg viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafor akvakulturnæringa.

I kommuneplanen er det teke ut nokre område avsett til akvakultur. Denne næringa er kjent for rask teknologiutvikling og nye metodar vert tatt raskt i bruk. Ny teknologi, andre artar og nye driftsformer bør kunne etablerast i Fusa kommune. Dersom det ikkje er avsett areal til akvakultur kan det ikkje etablerast framtidige anlegg med nye teknologi. Det er difor viktig at det er avsett tilstrekkeleg areal til akvakultur i overordna arealplan, enten ved at ein vidarefører AK-areal, eller ligg til nye.

Hordaland fylkeskommune meiner det er positivt at kommunen har sett på eksisterande lokalitetar og justert områda avsett til akvakultur. Det er og avsett ein buffersone rundt anlegget slik at det er rom for endring på lokaliteten. Dette vil sikre naudsynt fleksibilitet for eksisterande verksemd, som utviding av anlegg og utskifting av anleggsdelar og endringar til annan type anlegg. Denne måten å planlegge i sjø på stør fylkeskommunen. Denne måten å planlegge på vil truleg gjere at det ikkje er trong for dispensasjonssaker i Fusa kommune framover. Det er laga ulike føreseigner til bruken av desse områda.

Det er likevel først no etter saka er lagt på offentleg ettersyn at vi ser det samla resultatet av planforslaget, og opplever at det er eit behov for ein vidare dialog før endeleg vedtak av kommunedelplanen i kommunen.

Då saka omfattar store areal i sjø er den send over til Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering i høve til marine kulturminne. Det er riktig som konsekvensutgreiinga nemner at planen ikkje kjem i konflikt med kjente kulturminne i sjø. Sameleis er ei konsekvensutgreiing med tanke på kulturminne i sjø ein uforholdsmessig stor jobb både praktisk og økonomisk. Hittil ukjente marine kulturminne vil difor vere eit aktuelt tema i framtida, og det vil kunne vere naudsynt med registrering av kulturminne i sjø. Tiltak i samband med akvakultur som vert planlagt gjennomført i dei aktuelle områda, bør difor sendast til sjøfartsmuseet via Hordaland fylkeskommune enkeltvis for individuell sakshandsaming.

I fråsegn til oppstartsmeldinga la Hordaland fylkeskommune mellom anna vekt på den moglege totale belastninga akvakulturaktivitet i fjordbassenget kan ha på økosystemet, med bakgrunn i Naturmangfaldslova §10. Konsekvensutgreiinga konkluderer på dette området med at den samla økologiske belastninga av planframlegget er auka i høve til 0-alternativet. Dette med utgangspunkt i at planen opnar for akvakulturverksemd som har ein kjent generell miljøpåverknad. Det er likevel vurdert at *miljøpåverknaden ikkje er uakseptabel*. Før areala til akvakultur vert tekne i bruk i det omfanget som kommunedelplanen opnar opp for, skal forholda avklarast i konsesjonssøknad og vurdering etter sektorregelverk.

Verdiar knytt til naturmiljø, landskap, strandsone og friluftsliv er i mange samanhengar samanfallande. Eit rikt artsmangfald og varierende landskap vil ofte gi rike friluftsopplevingar. Områda kring planområdet har verdiar i eit friluftsliv- og folkehelseperspektiv med ulike tilbod, både i høve til typar og målgruppe, og fylkesrådmannen meiner difor det er viktig, både i eit friluftslivs- og folkehelseperspektiv, at planforslaget ikkje i stor grad forringer desse kvalitetane. Konsekvensutgreiingar til planarbeidet vurderer at ut frå dagens situasjon er det grunn til å tru at planframlegget i liten grad vil påverke dei statleg sikra friluftsområda sin attraktivitet, bruksmoglegheit eller skapa ein barriere for ferdsel eller oppleving. Det er også grunn til å tru at bruken av dei regionale friluftsområda vert uendra som følge av planframlegget.